



- Eg gler meg til tre ferieveker i Uskedalen, seier ordførarkandidaten i Skjåk. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedelingane gjer seg gjeldande både her og der – til og med i Ottadalsbygda Skjåk som er mest kjend for sine 300 millimeter nedbør i året. No freistar Bente Lærum Aamodt (fødd i 1961) på ny å bli ordførar der og gje kommunen ein ny kurs, som ho formulerar det.**

Fredag sjøsette ho og mannen Terje ein nesten ny båt i Uskedalen og starta tre vekers ferie i fritidsbustaden på Ytre Eik. Men typisk nok sat ho og organiserte laurdagens stand i Skjåk pr. telefon då vass-standen var på det høgste og det var klart for sjøsettjinga i båthamna.

Ho, Terje (innfødt skjåkver) og eit av dei fem borna (som er frå 13 til 29 år) ferierar i Uskedalen også denne sommaren. Det er naturleg å spørja kvifor dei ikkje dreg mot andre mål.

Bente svarar:

- Det er så triveleg å feriera her, det tykkjer også Terje. Vi fiskar og putlar i hagen. Så gler vi oss over dei alltid blide ansikta i butikken og over dei mange kjende fjes ellers. Og sjølvsagt gler eg meg over korleis det står til i

heimbygda mi. Som døme på det lyt eg trekkja fram skulen, som er fantastisk bra. Eg veit det, for sonen min hadde ei gjesterolle der i forfjor.

- Men det er vel stor skilnad på Uskedalen og Skjåk?

- Jau. og den største skilnaden er at vi har mykje betre tid i Skjåk enn her. Ein annen skilnad er at skjåkverer er tradisjonsbærarar i større grad enn uskedalingane.

Då eg kom til Skjåk, var ein av de største skilnadene at det var fleire traktorar enn bilar på vegen. Men som eg sakna sjøen....



Bente skal feriera under Englafjell nok ein sommar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bente har djupe sleksrøter i Uskedalen. Bestefaren var Sverre Eik.

- Det var han som lærte meg det eg kan om båt og som hadde æra for at eg vart glad i sjøen. Men etter 25 år i Skjåk er eg temmeleg hjelpelaus på fjorden, i det minste når ferien startar, seier Bente.

Ikkje desto mindre gjekk sjøsettjinga som ein draum.

Eigentleg er ho utdanna frisør og var i det yrket då ho som 21-åring i 1982 for over fjellet saman med Terje og busette seg i Skjåk. Han hadde ein onkel i Uskedalen og kom hit for å snikra, men opphaldet fekk altså større konsekvensar enn han drøymde om. Dei gifta seg i 1985.

I Skjåk var ho gardbrukar i 25 år, men slutta som sauebonde i fjor.

- Korleis kom du inn i politikken og kvifor valde du Arbeiderpartiet?

- Partivalet var naturleg for ein som er for felleskapssløysingar og ynskjer at ingen skal lida sosial naud.

Det starta med ungdomspolitik. Eg vart fritidsklubbleiar i 1989 og så var eg ungdomskontakt og meglar i konfliktrådet for ungdom. For 16 år sidan vart eg varamedlem i kommunestyret og sat ein periode i komiteen for oppvekst og omsorg. No har eg vore medlem av kommunestyret i 12 år og av formannskapet i åtte. Men eg nådde ikkje fram som ordførarkandidat for fire år sidan. Partiet fekk berre fem av dei 21 representantane. I år skal det gå mykje betre!

Ein kan knapt skriva om Bente utan å streifa innom Embjørg Langleite Skamsar. Bente kallar henne si "politiske gudmor" og ho er nærmast ein legendarisk person innan Arbeidarpartiet i Oppland. Embjørg og Bente var fem gongar på Stortinget då kraftutbyggjingsdebatten gjekk som hardast. Blir Bente ordførar, vil ho bli betrakta som arvtakaren etter Embjørg. Det blir ei krevjande oppgåve.

Av Ola Matti Mathisen



Bente og Terje i gang med sjøsetjinga. (Foto: Ola Matti Mathisen)